

Norges vassdrag- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Att: Henrik Langbråten

Dykkar ref.: 200803356-16

Vår ref: K/B/TÅ/B

Dato: 05.04.2016

HØYRINGSUTTALE – 4 SMAKRAFTSØKNADER OG NETTANLEGG I STRANDA KOMMUNE

Der blir vist til høyringsbrev datert 06.01.2016 ang. konsesjonssøknader frå 4 småkraftverk og regionalnett-linje frå Tomasgard til ny transformatorstasjon i Sunnylvn.

Sunnylvn:

22 kV-nettet mellom Hellesylt og Tomasgard er i dag full-lasta i lange periodar med full produksjon i eksisterande småkraftverk. Det same gjeld transformatoren i Tomasgard. Dette fører også til store tap i nettet. Marginaltapa på denne strekninga er berekna til godt over 20 % i månadane mai, juni og juli. Det hadde vore betre at småkraftverka betalte for forsterking enn å betale for dei store tapa i nettet. Problemet har vore korleis ein skal dimensjonere i og med at vi ikkje har visst kva prosjekt som vil få konsesjon.

Vi har tidlegare leigd Norconsult til å foreta ei analyse av kva som er beste løysinga for å få krafta ut av området. Konklusjonen var at det bør byggast regionalnett (66 kV eller 132 kV) frå Tomasgard til Hellesylt-området. Då var også Frøysa kraftverk og Frøysadal kraftverk med i berekninga.

Uansett vil det bli ei mykje betre løysing å få ein ny transformatorstasjon i dette området. Både Stranda Energi og Stranda kommune gjekk inn for alt. 1 som det beste alternativet. Dette har SFE valgt å ikkje søke om. Det hadde blitt ei optimal plassering reint nettmessig, både med tanke på innmatinga frå kraftstasjonane i Sunnylvn, og at stasjonen ville bli nærare Stranda. Det ville bli ein fordel med tanke på reserveforsyning den vegen. Til Stranda er det nemleg kun ei regionalnettslinje (N-0). Stranda Energi ønskjer at ny transformatorstasjon må plasserast nærast mogeleg alt. 1. det vil også føre til minimal kostnad for forsterking av 22 kV-nettet.

Vi vil nemne at på strekninga mellom der det er søkt om transformatorplassering og alt. 1 må det uansett gå 22 kV-linje(r). Mastepunkta i ei 132 kV-linje kan mykje lettare plasserast strategisk med tanke på å unngå rasutsette plassar (større spennlengder). Rasfare bør ikkje vere eit argument for å la vere bygge linje til alt. 1.

For å mate inn meir produksjon i 22 kV-nettet, må dette forsterkast. Ut frå det som er søkt om, kan det antydast ein totalkostnad for forsterking på om lag 13 mill kr. Av dette vil vi kreve inn ca. 10 mill. kr i anleggsbidrag.


Geiranger:

Når det gjeld Storfossen kraftverk i Geiranger, er der kapasitet i nettet. Det vil bli små kostnader med tilkopling etter som kraftsatsjonen blir plassert veldig nær ein eksisterande nettstasjon. Anleggsbidrag kan estimerast til ca. 200 000 kr.

Stranda Energi nett ser på utbygging av vasskraftressursane i kommunen som positivt.

Er det behov for litt meir spesifisetre opplysningar, kan vi ordne med det.

Med vennleg helsing
Stranda Energi nett



Terje Årdal
nettsjef